

# JAKTREGLAR SMÅVILTJAKT



- Alle som jaktar småvilt i Skjåk Almenning må løyse jaktkort.
- Innehavar skal alltid ha jaktkort, betalt jegeravgiftskort og gyldig legitimasjon med seg under jaktutøving, og pliktar å vise det fram når det blir kravd av jaktoppsynet.
- Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- Jaktkortet gjev rett til å drive jakt/fangst på smårovvilt i Skjåk Almenning. Jaktbare artar er raudrev, mår, røyskatt, villmink, grevling, ravn, kråke, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak
- Jakt og fangsttider er fastsett av Miljødirektoratet i *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2012 til og med 31. mars 2017*. Jeger pliktar sjølv å setje seg inn i jakt og fangstid for den enkelte art.
- Jeger pliktar sjølv å sette seg inn i kvar grensene går, jakt på innmark krev den enkelte grunneigar sitt samtykke.
- Ved åtejakt skal grunneigar ha beskjed på førehand om kvar åte blir lagt ut
- Ved fellefangst skal Skjåk Almenning ha beskjed på førehand om kva område det skal drivast fellefangst i. Fellene skal merkast med namn og tlf nummer.
- Jakt og fangst i våre største og mest brukte hytteområde på Grotli, Nysætra, Billingen, Liavatnet og Heggebottvatnet er ikkje tillate. Grensene fylgjer reguleringsplanen for hytte/fritidsbustadområde.

***Ved kjøp av småviltkort i Skjåk Almenning  
godtek jegeren overstående jaktreglar***